



Aukra kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
pb 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Vår ref.:
2015/363-12/11/19

Dykkar ref.:
201504924-6

Saksbehandlar:
Bjørge Stavik

Dato:
07.04.2016

Høringsuttale, kulturdam GBnr 11/19, Aukra kommune

Etablering av ein dam vil kunne tenkjast å medføre auka yngling og klekking av mygg. Mygg er ikkje utan vidare ønskt i stor grad, og kan vere til sjenanse for området. Til samanlikning ligg det ein tilsvarande dam 700 meter aust for det planlagde tiltaket. Denne vert tømd om sommaren for å unngå myggplager.

Etter samtale med lokale jegerar har vi fått opplyst at rådyr har dagleie og trekk i området. Om etablering av ein dam vil påverke dette er ikkje kjend.

Kommunen kjenner ikkje til at det er turstiar eller andre tiltak som vil bli rørt av tiltaket.

Biologisk mangfald vart kartlagd i 1999-2000, og supplert med naturtypar i 2011. Kommunen meiner kunnskapsgrunnlaget omkring naturmangfaldlova § 8 er tilfredsstillande.

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1, og krav om sikring av dammar etter pbl § 28-6

Med helsing


Bjørge Stavik
Fagleiar

Postadresse
Aukraringen 25
6480 Aukra
E-post: post@aukra.kommune.no

Besøksadresse
Aukraringen 25
Org.nr. 964 981 337
www.aukra.kommune.no

Telefon
71 17 15 00
Telefaks
71 17 15 01

Bank
9650.26.60192
Bankkto. skatt
6345 06 15473